



**Jotunheimen nasjonalpark**

# Kartinformasjon Jotunheimen nasjonalpark

## Velkomen inn i naturen

Dette er eit kart utvikla for merkevara Noregs nasjonalparkar. Alle norske verneområde, uavhengig av vernekategori, er ein del av denne merkevara. Dette kartet er utvikla ut frå kjennskap om korleis verneområdet vert

brukt og kva område som er sårbare for besøk – grunnlaget for besøksforvaltninga. Dette kartet er ikkje eit turkart, men gjev deg ei oversikt over tilboda i det aktuelle verneområdet og området rundt.



## Sognefjellshytta

Ved Sognefjellshytta opplever du norsk høgfjellsnatur i samspel med arkitektur. Følg ein godt tilrettelagd gangveg med fast underlag, om lag ein kilometer lang, rundt vestre del av Fantesteinsvatnet. Ved å ta ein avstikker opp til toppen sør for Fantesteinsvatnet kan du sjå dei store fjellmassiva Hurrungane, Smørstabbtindane og Fannaråken.



## Besøkscenter nasjonalpark

Norsk fjellsenter er besøkscenter for nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen og gjev deg informasjon om turar og aktivitetar i fjell og nasjonalparkar. På fjellsenteret kan du sjå utstillingar om folk og fjell, og ta deg ein tur i butikken der du finn turkart, fjellbøker for store og små, lokalt handverk og suvenirar.



## Nasjonalparklandsby

Landemerket Lomseggen kneisar over Lom nasjonalparklandsby, ein naturleg stoppestad før turen går til fjells. Her finn du overnatting, mat og turutstyr, og informasjon om naturopplevingar rundt nasjonalparklandsbyen og til fjells.



## Informasjonspunkt

Få meir informasjon om Jotunheimen på informasjonspunkta. Desse er også gode utgangspunkt for turar i nasjonalparken og fjella rundt.



Parkering



Serveringsstad



Fotopunkt



Bussknutepunkt



Båtforbindelse



Overnatting



Tilrettelagt camping



Turisthytte betjent



Turisthytte sjølvbetjent



Turisthytte ubetjent



Tilgjengeleg tursti




Tursti sykkel



Sommarstiar



Vinterløyper



Kartdata: © Kartverket N250, © Miljødirektoratet  
Kartografi: © Miljødirektoratet, © 2286moh